

Kan Uskedalen vera plassen for Dagsturhytta ?

08.01.2020




Skissen syner korleis dagsturhytta vil sjå ut.

Kvinnherad kommune søkte og fekk tilskot til å byggja dagsturhytte på ein dertil eigna plass i kommunen. Atle Skrede er mannen bak tanken og hytta på 15 rutemeter er alt prøvd ut i fleire kommunar. Hytta skal vera eit lågterskeltilbod til turgåarar der ein kan eta maten sin og varma seg. I fyrste omgang vert det bygd ti slike hytter i det som var Hordaland.

Kostnaden med kvar hytte er om lag 1 million kr. I finansieringsplanen ligg det inne at det kan søkjast midlar frå fylkeskommunen, spelemidlane og frå andre lokale fonds.

I pressemeldinga som gjekk ut før jul vart det sagt at plassen i Kvinnherad ikkje var avklart. Ein føresetnad er at hytta skal vera plassert nær dagleglivet til folk flest. Alle skal kunna nå hytta på ein enkel dagstur. Driftsforma er heller ikkje avklart, men det er naturleg å søkja samarbeid med lokale og frivillige organisasjonar.



Flåtene i Eikedalen må vera ein aktuell plass for Dagsturhytta.

Uskedalen med si sentrale plassering i kommunen bør vera ein aktuell plass for plassering. Fleire aktuelle turmål peikar seg ut, der det alt i dag er mange turgåarar.

- Flåtene i Eikedalen er ein aktuell stad. Det er lett tilkomst frå begge sider av Eikeelva, både på Eik og frå Nedre Fet
- Fjellandsbø og Åsaredalen er eit alternativ. Her er det skogsveg og god tilkomst
- Låganoso er eit populært turmål for mange, ikkje for langt, men sentralt med vakker utsikt mot dalen og fjorden
- Storhaug, Mannsvatn og Hauglandsfjellet er det mest brukte fjellet i Uskedalen. Her er mange aktuelle plassar for ei dagsturhytte.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Illustrasjonsfoto/ Kristian Bringedal



Fjellandsbø med Åsaredalen har lett tilkomst og vil vera ein god plass for ei dagsturhytte.